



DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 33

(2008–2009)

## Om lov om endringer i politilova (funksjonstid og tittel for leiaren av Politidirektoratet)

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 30. januar 2009,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Justis- og politidepartementet legg med dette fram forslag til endringar i politilova. Det vert føreslege å endre funksjonstida til direktøren for Politidirektoratet ved at hovudregelen for åremål med seks års funksjonstid med høve til gjenoppnemning etter søknad éin gang i seks år, skal gjelde. Noverande politidirektør er for tida inne i sin treårsperiode, etter å ha blitt gjenoppnemnd etter sin første åremålsperiode på seks år. Som ei overgangsordning vert det føreslege å gje noverande politidirektør høve til, etter utlysing og innstilling, å få forlenga åremålet med inntil tre år. Departementet ønsker også å endre tittelen til direktøren for Politidirektoratet, til politidirektøren.

### 2 Funksjonstida for direktøren for Politidirektoratet

#### 2.1 Innleiing

Hovudregelen for åremål i staten er ei funksjonstid på seks år. Åremålstilsetjing kan berre gjentakast éin gang med ein ny periode på seks år for kvar tenestemann i same stilling, jf. § 3 nr. 2 i forskrifta til tenestemannslova. Same bestemming opnar for at perioden, når særlege grunnar talar for det, kan gjerast lengre eller kortare.

Politidirektoratet og stillinga som direktør for Politidirektoratet vart oppretta ved lov 25. februar 2000 nr. 12 Om endringer i politiloven (den sentrale politiledelsen). Endringslova innførte også § 19 første ledd i politilova som regulerer funksjonstida til direktøren:

«Direktøren for Politidirektoratet beskikkes av Kongen på åremål for et tidsrom av inntil 6 år om gangen med mulighet for forlengelse i ytterligere en periode på 3 år.»

I Ot.prp. nr. 7 (1999-2000) Om lov om endringer i politiloven side 59, grunngev departementet kvifor direktøren for Politidirektoratet er tilsett på åremål, og kvifor det er lagt inn ei avgrensing på tre år ved ei eventuell forlenging av åremålet:

«Som nevnt i 2.2 har politi- og lensmannsetaten en særstilling for så vidt som den har rett og plikt til å anvende fysisk makt i fredstid. Politidirektoratets øverste leder vil, som følge av dette, være i særstilling i forhold til andre direktoratsledere. Etter departementets syn bør dette, sammen med hensynet til demokratisk kontroll, tillegges vekt ved fastleggelsen av tilsettingsmåten. Sistnevnte hensyn er av samme karakter som ble tillagt vekt når man valgte å tilsette overvåkingssjefer på åremål.

Departementet finner det naturlig at direktøren for Politidirektoratet beskikkes av Kongen på åremål. Dette styrker den demokratiske kontrollen med Politidirektoratets virksomhet.

Når det gjelder spørsmålene om adgang til forlengelse av åremålsstillingen og åremålsperiodens lengde, gjør både hensynet til kontinuitet i ledelsen og hensynet til ledelsesmessig nytenkning seg gjeldende. Hensynet til kontinuitet i ledelsen tilsier mulighet for forlengelse av åremålsstillingen.

Hovedregelen for åremålsperiodens lengde er 6 år. Etter departementets syn bør denne legges til grunn ved førstegangstilsetting, men at mulighetene til forlengelse begrenses til en periode av 3 år. Dette fraviker hovedregelen om like lange perioder. Stillingsinnehaveren kan sies opp etter tjenestemannslovens alminnelige regler.»

I samband med endringa av politilova ved lov av 2. juli 2004 nr 60 Om endringer i politiloven (vurdering av helsetilstanden ved innsetting i arrest, politimyndighet, Politi-høgskolen mv.) vart spørsmålet om å gjera om stillinga som direktør for Politidirektoratet til eit embete, teke opp. I Ot.prp. nr. 61 (2003-2004) side 20 gjorde departementet følgende vurdering:

«Utviklingen går klart i retning av tjenestemannstillinger i direktoratene, og en harmonisering i forhold til de øvrige direktoratene tilsier at man ikke omgjør stillingen som direktør for Politidirektoratet til embete. Etter departementets vurdering bør stillingen som direktør for Politidirektoratet fortsatt være en åremålsstilling på seks år. Begrunnelsen for åremål er hensynet til å styrke den demokratiske kontrollen med Politidirektoratets virksomhet, samt at Politidirektoratets leder må anses for å være i en særstilling i forhold til andre direktoratsledere på grunn av politi- og lensmannsetatens rett og plikt til å anvende fysisk makt i fredstid.»

## 2.2 Forslaget i høringsbrevet

Justis- og politidepartementet føreslo i brev av 13.5.2008 å endre funksjonstida til direktøren for Politidirektoratet ved at hovedregelen for åremål med seks års funksjonstid, med høve til gjenoppnemning éin gang i nye seks år, også skal gjelde for direktøren for Politidirektoratet. Samtidig vart det føreslege ein overgangsregel som vil gjere funksjonstida gjeldande for noverande direktør. Grunngevinga for forslaget i høringsbrevet, var følgende:

«Ved etableringen av Politidirektoratet og stillingen som politidirektør ble behovet for en sterk demokratisk og politisk kontroll med så vel politiet generelt som den sentrale politiledelsen understreket sterkt. Ved å flytte den fag-

lige politiledelsen fra Politiavdelingen i Justis- og politidepartementet til Politidirektoratet så man en mulighet for at det nyetablerte direktoratet og dets leder kunne utvikle en lederstruktur som reduserte muligheten for løpende kontroll med det sivile maktapparatet. Av den grunn etablerte man direktørstillingen med en åremålsperiode på seks år, med mulighet for forlengelse i ytterligere tre år.

Erfaringen med Politidirektoratet og dets ledelse har vist at direktoratet har etablert seg og blir ledet trygt innenfor den struktur som er vanlig i statlig virksomhet, og at det er etablert gode rutiner og rammer for Justis- og politidepartementets styring og kontroll av virksomheten. Instruks, rapporteringsrutiner og løpende kontakt med departementet og dets politiske ledelse er tett og god. Frykten for en for sterk faglig politiledelse, og frykten for redusert mulighet for kontroll og oppfølging av politiet som sivilt maktapparat, har derfor vist seg ubegrunnet.

Departementet ser nå at det er uheldig med et åremål der mulighetene for en gjentakelseperiode bare er tre år. Politiets arbeid er preget av langsiktige tiltak og innsats. Politiledelsen må ha en sterk og klar lederprofil, og direktøren har en nøkkelrolle ved iverksettelsen av politiske vedtak og prioriteringer. En direktør som allerede ved gjentakelse av åremålet må innstille seg på å finne ny stilling i løpet av rimelig kort tid, vil ha en utfordring i å iverksette og lede tiltak med samme styrke som en direktør som har et seksårsperspektiv på sin funksjon.

Ved etablering av Politidirektoratet i 2001 måtte en helt ny organisasjon etableres. Samtidig iverksatte man en omfattende politireform fra 2002. Politiet og den faglige politiledelsen har derfor vært i en løpende og omfattende oppbyggings- og omstillingsprosess helt siden nyordningen ble etablert. Først nå er man inne i en såkalt driftsfase der organisering og endringer skal konsolideres, evalueres og løpende forbedres. Det er viktig å sikre kontinuitet i ledelsen av det arbeidet som nå pågår. Slik åremålsbestemmelsen i politiloven i dag er, vil nåværende direktørs åremål utløpe 1. september 2009. Det betyr at det vil måtte tilsettes en ny direktør kort tid etter at man nå har gått over fra etablerings- og endringsperioden til en periode der man skal videreutvikle og få effekt av det omfattende arbeid som er gjort. Av hensyn til kontinuiteten i arbeidet er det uheldig. Justis- og politidepartementet foreslår derfor en overgangsregel som vil gjøre at funksjonstiden for den andre åremålsperioden skal gjelde den nåværende direktøren for Politidirektoratet.

Vi vil imidlertid presisere at det skal være full konkurranse ved utlysning av et hvert årsmål, og at det ikke foreligger automatikk i at en politidirektør gjenutnevnes til en ny periode.»

### 2.3 Høyringsinstansane sine syn

Høyringsadressatar var:

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Finansdepartementet

Riksadvokaten

Politidirektoratet

Politiets Fellesforbund

Norges Politilederslag

Parat

Norsk Tjenestemannslag

Politiembetsmennenes Landsforening

Statsadvokatenes Forening

Høyringsfristen var 24. juni 2008. Det kom inn seks høyringsuttalingar med merknader til lovforslaget. *Politimeisteren i Rogaland* gjev støtte til forslaget. *Politiets Fellesforbund*, *Politiembetsmennenes Landsforening*, *Fornyings- og administrasjonsdepartementet*, *Norsk Tjenestemannslag* og ein privatperson er negative til forslaget om lovendring slik det går fram i høyringsbrevet. *Finansdepartementet* har ikkje merknader til forslaget. *Riksadvokaten* har gjeve skriftleg tilbakemelding om at han ikkje ønsker å koma med ei høyringsuttaling.

*Politiets Fellesforbund* støttar utvidinga av årsmålsperioden for funksjonen som direktør med tre nye år, men føresetnaden er full utlysning av stillinga. Deira forslag inneber at årsmålsordninga skal vere lik for direktøren og politimeistrane, og at årsmålsordninga for alle blir 6 + 3 + 3 år. Politiets Fellesforbund peikar på at forlenginga av årsmålsperioden kjem på eit uheldig tidspunkt, og meiner endringa burde vore gjort ved utgangen av den første årsmålsperioden til dagens direktør. Politiets Fellesforbund ønsker også at ordninga med embetsmannsutnemningar for politimeistrane vert teke opp til ny vurdering som ein del av arbeidet med ei lovendring av årsmålsreglane.

*Politiembetsmennenes Landsforening* har motteke mange tilbakemeldingar frå medlemmane sine på forslaget frå departementet, og desse har utan unntak vore negative. Politiembetsmennenes Landsforening kommenterer at ein hadde høve til å vurdere grunngevinga for årsmålstida da noverande direktør fekk forlenga årsmålet sitt for to år sidan. Slik lovendringsforslaget no føreligg, vert det etter Politiembetsmennenes Landsforening sitt syn ei rein tilsetjingssak. Foreininga føreslår difor

at ein eventuelt føreteik ei slik endring i samband med tilsetjing av ein ny person i stillinga. Vidare hevdar Politiembetsmennenes Landsforening at det føreligg eit sterkt behov for å sjå på heile bruken av årsmålsinstituttet i politiet, og dei reagerer såleis på at endringsforslaget kjem før det er gjort ei samla evaluering av årsmålsinstituttet.

Etter *Norsk Tjenestemannslag* sitt syn er årsmålsordninga med 4 + 4 år den vanlegaste ordninga, og denne bør innførast også for direktøren for Politidirektoratet. Ordninga bør likevel ikkje gjevast tilbakeverkande kraft. Uttalinga deira peikar på at stillinga er ein svært sentral posisjon for justissektoren og i samfunnet, og politietaten er særleg avhengig av tillit i befolkninga og respekt for regelverket. Ei endring av vanlege «spelereglar» undervegs vil etter Norsk Tjenestemannslag sitt syn lett kunne bidra til uheldig merksemd mot politiet, mellom anna ved at forslaget framstår som noko personavhengig. Norsk Tjenestemannslag meiner at den prinsipielle grunngevinga for årsmål, som verkemiddel for å sikre demokratisk og politisk kontroll med verksemda til Politidirektoratet, må vege tungt.

*Fornyings- og administrasjonsdepartementet* er samd i at bestemminga for bruk av årsmål bør endrast, slik at den vert i samsvar med den allmenne ordning i staten. Fornyings- og administrasjonsdepartementet skriv også i uttalinga si at endring av ein årsmålsperiode som allereie er starta opp, er i strid med grunnleggande prinsipp ved årsmålsordninga i staten. Vidare vert det sagt at dersom ei slik endring skal gjerast må dette bestemast i lov. Det er da nødvendig med ei grunngeving knytta til heilt spesielle forhold i verksemda eller ved stillinga, og ikkje forhold knytt til den aktuelle, noverande stillingsinnehavaren. Fornyings- og administrasjonsdepartementet tilrår at årsmålet vert lyst ut for ein seksårsperiode ved utløpet av noverande treårsperiode.

### 2.4 Departementet sine vurderingar

Departementet har merka seg at høyringsinstansane i det vesentlege går imot forslaget om å endre årsmålet til direktøren med den funksjonstida som er føreslege. Høyringsinstansane er i all hovudsak negative til at ei endring av årsmålsreglane skal gjelde for noverande direktør for Politidirektoratet. Departementet registrerer også at fleire av høyringsinstansane ønsker ei brei gjennomgang av årsmålsreglane for heile politietaten.

Etter departementet sitt syn vil behovet for å sikre kontinuitet i leiinga vere avgjerande for at det

vert gjort ei regelendring om funksjonstida for direktøren for Politidirektoratet. Å setje funksjonstida for åremålet til 6 + 6 år vil vere den ordninga som gjev best kontinuitet, og som er i samsvar med hovudregelen for åremål i staten, jf. § 3 nr. 2 i forskrifta til tenestemannslova.

Som Fornyings- og administrasjonsdepartementet har peika på, vil det kunne bryte med praksis ved åremål i staten å la forslaget gjelde for den noverande direktøren i Politidirektoratet slik at tilleggsperioden til vedkomande vert forlenga frå tre til seks år.

Etter Justis- og politidepartementets syn er det behov for å sikre kontinuitet i dagens leiing i Politidirektoratet for å vidareføre det omstillings- og utviklingsarbeidet som no er inne i ein driftsfase, jf. punkt 2.2 over. Vidare meiner Justis- og politidepartementet at utvidinga av den andre åremålsperioden også må kunne gjelde for dagens direktør for Politidirektoratet, slik at vedkomande kan halda fram i sitt arbeid i ytterlegare tre år.

Eit anna spørsmål er om det er behov for ei brei gjennomgang av heile åremålsordninga i politietaten. Justis- og politidepartementet kan ikkje sjå at det føreligg eit slikt behov no. Ein gjennomgang av åremålsordninga for politimeistrane vil kunne skje uavhengig av endringa av funksjonstida for direktøren for Politidirektoratet. Når det gjeld harmonisering av åremålsordningane i politietaten vert det vist til departementet si vurdering av omgjerding av stillinga som direktør for Politidirektoratet til embete, samt oppretthalding av politimeisterembeta i Ot.prp. nr. 61 (2003-2004) Om lov om endringer i politiloven (vurdering av helsetilstanden ved innsetting i arrest, politimyndighet, Politihøgskolen mv.).

Justis- og politidepartementet ønsker på denne bakgrunn å føreslå lovendringar slik det går fram av høyringsbrevet. I høyringsbrevet vert det føreslege ein overgangsregel der den nye funksjonstida for andre åremålsperiode også skal gjelde noverande direktør for Politidirektoratet. Til forskjell frå høyringsbrevet er forslaget endra til at Kongen kan

forlengje åremålet med inntil tre år etter utlysning for den som er tilsett som direktør for Politidirektoratet på det tidspunktet lovendringa trer i kraft. Ei eventuell forlenging av åremålsperioden skal gjerast etter utlysning og innstilling.

### 3 Tittelen for leiaren av Politidirektoratet

---

Politilova omtalar i dag leiaren av Politidirektoratet som *direktøren for Politidirektoratet*. Dette er ikkje i samsvar med den faktiske og daglege omtalen. I dei fleste samanhengar vert tittelen *politidirektør* nytta. Justis- og politidepartementet synest det er tungvint at tittelen etter lova ikkje er i samsvar med tittelen som faktisk vert brukt. Departementet ønsker såleis å endre politilova slik at *politidirektør* vert nytta som offisiell tittel også etter lova.

Alle høyringsinstansane stiller seg positive til tittelendringa.

På bakgrunn av dette føreslår departementet å endre tittelen til leiaren av Politidirektoratet til politidirektør.

### 4 Økonomiske og administrative konsekvensar

---

Lovendringa vil ikkje medføre økonomiske eller administrative konsekvensar.

Justis- og politidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i politilova (funksjonstid og tittel for leiaren av Politidirektoratet).

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget vert bede om å gjere vedtak til lov om endringer i politilova (funksjonstid og tittel for leiaren av Politidirektoratet) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til lov om endringer i politilova (funksjonstid og tittel for leiaren av Politidirektoratet)

#### I

I lov av 4. august 1995 nr. 53 om politiet vert følgjande endringar gjort:

§ 15 andre ledd skal lyde:

Politidirektoratet ledes av *politidirektøren*.

§ 19 første ledd skal lyde:

*Politidirektøren* beskikkes av Kongen på åremål for et tidsrom av inntil 6 år. Etter utlysning kan vedkommende beskikkes for ytterligere en periode på inntil 6 år.

§ 20 første ledd første punktum skal lyde:

*Politidirektøren*, embetsmenn og tjenestemenn med politigrader har politimyndighet i hele riket i kraft av sin stilling.

#### II

Lova trer i kraft straks.

For den som er beskikket som direktør for Politidirektoratet i tilleggsperioden med 3 år når loven trer i kraft, kan Kongen, etter utlysning og innstilling, forlenge åremålet med inntil 3 år.

---





